


Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 3. juli 2018 13:11
Til: Olafia Zoega; Magnar Tysseland (magnar@tyark.no)
Kopi: Larissa Dahl; Tore Johan Erstad
Emne: Vedr. søknad om mellombels bruksløyve BK09


Hei

Viser til søknad om bruksløyve for hus 20 og 22 på BK09. Kommunen har vore på synfaring på eigedomen i dag. Det er fleire tilhøve på eigedomen som må forbeholdast før vi kan gje bruksløyve.

- Gangveg G03 må vere tydeleg delt frå parkeringsplassen til BK09, viss ikkje kjem deler av gangvegen til å bli nytta til parkering. Plassering skal vere som vist på kartet under.
- Det må dokumenterast at parkeringsplassen til hus 20 og 21 er opparbeida som vist på kartet under.



- Vidare må det dokumenterast at parkeringsplass for hus 22 er opparbeida i samsvar med gitt løyve. Gitt løyve viser parkeringsplass 1,4 meter frå husveggen. Sakshandsamar målte ei lengd frå husveggen til parkeringsplassen på ca 4,5 meter. Plassen har i tillegg ei breidd på ca 4,5 meter og ei lengd på ca 5 meter. Dette er ikkje i samsvar med gitt løyve. Sjå kart under. Ein må kunne snu på vegen utan å kome i konflikt med gangveg G02.



- Vidare er skråningen frå Lek02 og ned mot UA01 for bratt. Viss den skal vere slik den er i dag må det settast opp eit permanent gjerde på toppen. Sjå bilete under.



- Sikring av byggeplass. Vi kan ikke sjå at det er gjort tiltak for å sikre BK09 mot byggeområda rundt. Vi viser då særleg til sikring mot BK 06, 07, 08 og 13. Sikring som vist på bilete under er ikkje tilstrekkeleg:



Avslutningsvis viser vi til at vi ikkje kan sjå at det er søkt om løyve til oppføring av bustadar på BK06 og 07. Der er det planert og ført opp grunnmur. Ber om snarleg tilbakemelding.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar byggjesak

Meland kommune

e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

